

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: KemsedalEmne: Transport av høg.Bygdelag: SørbygdaOppskr. av: Ola Rudvin (f. 1899)Gard: (Barndomsheim: Rundtøpe)(adresse): Hammerstødt. 12 B<sup>II</sup>, Oslo

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Større eller mindre gard (el. plass) gjorde ingen skilnad, men om dei hadde råd til å halde hest. Dei som var hestelause (så med oss ei tid i min barndom), laut bera eller dra høgjet („före”) til husan når andre køyde det heim el. inn.

Slåttemarka var: 1) Heimereigedomen („jorde”) med i bygda. 2) Heimstøl (der dei sat med buskapen vår og haust). 3) Utslått (ei slåtte el. eit slåtte) i åsar og skoglier eller ved elvestrender. 4) Langstøl der dei sat med krottra om sommaren (somme hadde to vollar med be på bae: ein dei nytta fyrst på sommaren, og ein „slåttvöll” som dei spara til etter at dei hadde slege der ut på sommaren; da flutte dei med i „slåttetu”, som var inngjerde så dei ikkje vart beita fyrst på sommaren). Heimstøl, utslått og „slåttvöll” var det ikkje alle som åtte - eller nytta. No er heimstølane mytje godt med. Lagde (dei ikkje alle), og utslåttene vert ikkje slegne mein som før. Er det sers god og dyrkbar jord, vert heimstølvollar, somme utslått og dei fleste slåttvollar inngjerde og oppdyrka (som eit heimjorde), medan utslått og „slåttvollar” for alltid vert nytta som beitemark etter slåttu.

Høgjet på heimereigedomen vart (og vert) alltid hatt i hus om sommaren. På stølane og i utslåttene vart det hatt inn i løene (ei „lœu”) om sommaren og køyrt heim på vinterfjort.

På myrar vart det skendom sett i „stakke” når dei ikkje bykka mun i å koste på lœ. (Myreslåt var det ein god del av før,




no er det for det meste slutt, men ein god del myrar både i bygda og tilfjells er oppdyrka og gjev god avling).

Til å køyre inn høyet med sommarstider nytta dei for det meste høyslede med hjul: „kjerre-slede“ dei kalla. Dei nytta hjulpart til (arbeids)kjerre, men i staden for karr hadde dei ein slags slede som gjikk i eitt med draget (utan noko slag meiar) og hadde „Kar“ framme og bak, slik som

denne skjematiske teik-

ninga syner.

Når lasset



var lesst, snørde dei det med „høystøngen“ (ei „høysting“) som dei fyrst festa i ei kumpe på framkaret og så snørde med eit fog ned i bakkaret. Etterpå måtte lasset „kjembast“ for lause høydottar så det ikkje gjikk noko til spille langsmed vegen. No er „kjerresleden“ for det meste avløyst av den vanlege type av høyvogner (4-hjulsvogn med lågt hjulpar framme og med høigrindar på sidene).


På stolarne og der det var vondt å koma fram med kjerreslede (i myr og ulende) nytta dei ein vanleg „tre-stengd“ slede (slede utan jarnstenger, som gjikk lettare på voll og grasmark). I unna bakke var ein såvoren slede grei nok å køyre med. - Dei rekna med at 3 sommarlass (på kjerreslede el. „hestengjing“) utgjorde eitt vinterlass (av „hurr-før“ - av „rø-før“ mindre sjølvsagt).

Dei som ikkje hadde hest, laut bera eller dra høyet til husan. Somme hadde små „dragar-kjerrer“ som var greie på flatt lende og i unna bakke (men i motbakke var det lettare å bera). Dragar-kjerre var gjord på same gjerd som kjerresledan, men mindre. Til å bera høyt med nytta ein for det meste „svég“: grunn og lang unghjork, noko fjukkare og lengere enn til vanleg villge, forsynst med ei lykkje i enden.



Sveg.

(Sveget burde ha eit par jamnfjunkte greiner i toppen, ei kleuft. Og så fann ein seg ei visdige ~~svæve~~ med smågreinene på, la toppene mot kvarandre og vrei rundt, let det snurre seg i hop ei lykhje, og stakk så fjukkenden av vidja gjennom klufta på sveget). Sveget la ein på marka, la i ein tre kjember høi ("kjembe": ein kjembe i hop framfor seg med riva så mykje høi som ein passeleg kunne ta på ein gong) som passeleg kunne gå i sveget (byrda), byggde sveget over og bredde fjukkenden inn i lykhja. Dette burde ein helst vera tvo om, slik at den eine (som sto bak høibyrd) heldt over lykhja og kysgde byrda attover, og den andre tok tak i fjukkenden av sveget og snørde i hop det han vann, gjerne med å stemme foten imot byrda. Den som sto bak, tok så og lyfte upp med hui tok byrda på seg. Di mest laut han kjembe av lausföret, för hin gjekk i veg. Ei byrd i veg låg betre opp på nakken enn ei byrd i fog (på grunn av den stive svalkenden på sveget).



Ei byrd i fog vart gjerne hangande för langt nedover ryggen, difor var høi. Bering i fog like og inkje mytta. - (Derimot kan ein leggje høi i fog og dra byrda langs marka, dersom det er skett voll og hallar unna. Den måten kan i somme høve vera lett å by tid, iser når høiget (förbrida) ligg nær löa). Ein rekna med at tre dugelge høibyrdur (i sveg) utgjorde eit sommarlass høi.

Frå ulendt slätt, skogslätt eller myrslätt der ein ikkje kunne breie og kerke høiget på staden, vart det ofte bare fram (til voll eller innåt löe) i seine. Teina mytta ein og til å ta små etterakster her



og der, like eins når det var smakk för eller lauv  
det galdt. Ein nytte sveg eller feine etter som det  
var mest praktisk til. Andre måtar å bera eller  
dra høg på, har vore lite nytte, det eg veit.


Allt høyet frå stolar og utløer vart kjøpt heim på  
vinterföret. Utover mot jöl og over nyårth i janu-  
ar - mars vart det merke kjøpt. Faldre tid var  
det gjerne så smäl heimhus at ein ikkje hadde  
plass for stölsföret för ein hadde gjve opp noko  
av det andre. Like eins laust ein bryggja til  
myrar og valn frans så pass til at dei var  
køyrande (det störste valnet - „Storevalnet“ - var så  
djupt at det aldri frans heilt til för ut imot  
jöl). När dei skulle køyre frå langstölane, slo kvart  
stölslag seg i hop og køyde høyet på same tid.  
Var det stor snö, brög ein vera flere för i  
brögte veg. Det var ofte eit tungt og brätt ar-  
beid. Var det hög og laust snö, nytta ein gjerne  
ne brugar og brödde fram og attende stykke  
för stykke til vegen var fast nok. (Var det  
kaldt var og mjell snö, vart vegen aldri fast nok  
för han hadde fröse til natla over). Gjennom  
hoje ferner og opp gjennom skoglier der snöin  
lög vrs djup, var det gjerne naudsynleg å mäke  
seg veg, like eins laust ein mäke på eine kantun  
dersom det kalla til sides der vegen skulle gå.  
Dei hadde og brugar til hest (mätte ikkje vera store),  
men å bruke brug på hest var det så mykje pluu-  
der med at det vart gjeldan nytta.

Dei som hadde lang stölsveg og ikkje hest, laust  
som regel anten liege stölsför-köyringa eller läne  
hest det belit. Å slite og dra så langt, var för brögte-  
samt. Men frå heimstolar o. dl. drog ein gjerne  
høyet (og like eins omme lauvkjiv og ved) den som var



hestklær. Til dragning nytta ein ein kjelke som var onlag så stor som ein slede og gjord på same måten, men lettare. Til flatt lende var dragarkjelken jærnskodd (jærnstenger under meiane), så han gfi lett i mildver. Til å dra med ned frå berg og åsar i bratt lende, nytta ein te-stengd dragarkjelke (som var lettare å bera oppover). Det kunne og vera så ~~bratt~~ bratt og vrient at det fall lettare å dra ein i køyre, om ein hadde hest. Dragarkjelken var forbynd med dragarband (faste band av vidjer) og styrstong (på høgre sida) i staden for ~~skott~~ skjeter til sleden.


Sleden dei nytta til førkøyring, var den same som dei nytta til vedkøyring o. a. (skogs-slede). Til vedkøyring (køyring av "beit", ljørkesstranger) tok dei bakkaret av



Når det var godt føre og vegur ikkje var imot, lesske dei så store vinterlass som dei berre kunne få på sleden. På sidene av lasset nytta dei anten grindar (onlag som på ei høyvogn) eller onlag (eit onlag fl. onlåg). Onlaget var på same gjerd som eit sveg. Ein slakk hjukkenden innom framkaret, bøygde onlaget langsmed lasset og gyrd det med eit bog fast i bakkaret. Lessinga gjekk




for seg såleis: fyrst eit lag høig på sleden, så eit par omlag som ein festa så lauslig til å byrje med, deretter nytt lag høig og nytt par omlag, og slik vidare til ein hadde høigda på lasset. Så la ein høigstonga på oppå lasset, festa i framkaret fyrst og så gyrda ned i bakkaret. Dimesl gyrda ein omlaga betre til, og gyrda så til slutt lasset med eit bog rundt omkring på midten. (Toget el. reipet som ein snørde alle slags lass med, var forsynt med ei "hulder" av tre i form av ein lyplje med tvo horn som ein gjorde eit slikk over, som synt på teikninga).



Når lasset var lesst, og snørst, nappa ein av lause høigdotter, spente hestene for og koyrde. Det var breidare opp enn ned og høgre bak enn framme.

(Denne skildringa gjeld for tida 1905-15).



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
adr. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY

139

G. R.  
(5-2-47).